

Kyrkjelyden ønskjer at konfirmanttida skal vere ei god og lærerik tid for alle konfirmantane, fylt med fine opplevingar, erfaringar og kunnskap til å ta med seg vidare i livet. For at tida skal bli best mogleg, avtalar vi på førehand kva vi kan vente av kvarandre.

Av dei tilsette i kyrkjelyden og konfirmantleiarar kan de vente at vi

- * bryr oss om konfirmantane
- * gjer vårt beste for at konfirmanttida skal vere lærerik og minneverdig
- * saman med konfirmantane lagar god undervisning og flotte aktivitetar
- * sender ut informasjon i god tid og held nettsidene oppdaterte
- * svarar på epost og telefon

Av deg som konfirmant ventar vi at du

- * deltek i all undervisning og alle aktivitetar
- * deltek i minst åtte gudstenester i konfirmanttida
- * møter presis til timane med konfirmantbibelen og kristuskransen du får
- * prioriterer konfirmasjonsopplegget framfor andre fritidsaktivitetar
- * tek att fråvær med ekstratime eller oppgåveløysing
- * viser interesse og engasjement, og gjer din del for at konfirmanttida blir ei fin tid for alle

Av dykk føresette ventar vi at de

- * gjev beskjed på førehand dersom konfirmanten må vere borte frå ein del av opplegget
- * hjelper konfirmanten å følgje opp det dei skal vera med på
- * møter opp på gudstenestene der konfirmantane er særskild i fokus (lysmessa, presentasjonsgudstenesta, fasteaksjonsgudstenesta og samtalegudstenesta).

Helsing oss som arbeidar med konfirmasjon i Meland kyrkjelyd.



Velkommen!
No er det din tur til å bli
konfirmant i Meland kyrkjelyd

KONFIRMAN*

Ei viktig tid – eit viktig val!

Du er berre eit år unna ein høgtideleg dag i livet ditt.
Velkommen som konfirmant i Meland kyrkjelyd!

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye venner! Tema vi skal utforske saman, er: Kvar kjem eg frå? Kva skal eg bruke livet til? Finst Gud? Vennskap og menneskeverd. Diakoni og nestekjærleik; korleis kan eg bety noko for andre? Bibelen og boda. Kjærleik, seksualitet og samliv. Anden og kyrkja. Kven er Jesus?

I konfirmanttida er det tid og rom for å tenkje og stille spørsmål. Ei tid for å lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske.

Kva er konfirmasjon?

Ordet konfirmasjon kan tyde både «å stadfeste» og «å gjere sterk». Konfirmasjonshandlinga er ei forbønningshandling der vi ber Gud om å velsigne og styrkje kvar einskild konfirmant. Det viktigaste med konfirmanttida er å bli betre kjend med den kristne trua, og lære om korleis ein lever som kristen.

Ei konfirmanttid for alle

Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. Dersom det trengst individuell tilrettelegging, ta kontakt med den konfirmantansvarlege, slik at vi kan finne dei gode løysingane for dykk.

Undervisning:

Undervisninga skjer på mange forskjellige måtar. Som konfirmant deltek du på fellessamlingar, gudstenester, aktivitetar og ein innsamlingsaksjon. I tillegg vel du eit av to undervisningsopplegg:

Alternativ 1: Undervisningssamlingar etter skuletid i tillegg til samtalegrupper heime hos folk i kyrkjelyden (heimegrupper).

Alternativ 2: Filmopplegg. Undervisningssamlingar der vi m.a. ser film som tek opp tema som vi skal lære om i konfirmanttida, i tillegg til heimegrupper.



Leir eller gudstenestelag

I løpet av konfirmasjonsåret blir det høve til å reise på weekend. Du får oppleve fellesskap, aktivitetar, og høve til å gjere erfaringar med bøn og gudsteneste. De får eigen informasjon om påmelding osv. om leiren i god tid. Dei som ikkje ønsker å reise på leir blir med i eit gudstenestelag. Det vil sei at dei hjelper til med praktiske oppgåver på 3 gudstenester. I tillegg blir det ei lita ekstra undervisningssamling med tema frå leiren.

Eg er ikkje døypt – kan eg konfirmerast?

Du er velkomen til å delta i konfirmantopplegget sjølv om du ikkje er døypt. Dåpen er ein føresetnad for å delta i den avsluttande forbønningsgudstenesta. Kvart år er det fleire konfirmantar som blir døypte.

Praktisk informasjon:

I Meland kyrkje har vi konfirmasjon på hausten. Det gjer at konfirmasjonsåret vil sjå omtrent slik ut:

September/oktober: Du får informasjon om påmelding i posten, og vi har ei samling med informasjon om opplegget vårt

Oktober: Frist for påmelding

November-august: Undervisningssamlingar, leir, innsamlingsaksjon, heimegrupper, aktivitetar og gudstenester. Det er ikkje undervisning når skulen har ferie.

September: Konfirmasjonsgudsteneste!